

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 17/24. Utlysing av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

#### **Saksopplysning/vurdering**

Det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen går opp til 600 m.o.h. Feltet har dei siste 2 åra, perioden 1. september – 31. oktober vore utleigt til eit utanbygds jaktlag, etter utlysing og trekking. Frå 1. november har området vore nytta av dagskortjegerar, på same måten som resten av jaktområdet i Nordheimsdalen (jaktfelt 2, over 600 m.o.h). Jaktlaget i det nedre feltet har dei siste åra disponert 6 fellingsløyve på vaksne dyr + fri kvote på kalv. Det siste jaktlaget har nesten ikkje nytta jaktretten dei vart tildelt for to år sidan.

I forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning, sist vedteken 11. mars 2021, heiter det i § 2 at det ved sal av jaktkort og utleige av jakt på m.a. hjort og elg skal vera ei rimeleg fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande. Med rimeleg fordeling meiner ein at inntil 60 % kan seljast eller leigast ut til innanbygds jegerar. Denne bestemmelsen er årsak til at fjellstyret har valt å halda av eit jaktfelt som vert utlyst med sikte på å få inn utanbygds søkjarar. I § 8 i den same forskrifta heiter det vidare at «elg- og hjortejakt på statsallmenning skal tilbys på en slik måte at den gjøres kjent for alle bosatte i Norge.» Utlegging av tilbodet på fjellstyret si eiga heimeside er tidlegare rekna for å tilfredsstillast dette kravet. Elles har fjellstyra eit opplegg med felles utlysing gjennom Inatur av jakt på elg og hjort. Me har tidlegare opplevd at det har vore kommunikasjonsvanskar, og at jakta er tildelt jegerar som ikkje heilt veit kva dei har søkt på, og som kanskje trekkjer seg når dei kjem og ser kor vanskeleg tilgjengeleg terrenget er. Me vil difor rå til at tilbodet berre vert utlyst ved bruk av fjellstyret si eiga heimeside, med deling til fjellstyret sin facebook- og instagramkonto. I tillegg kan det leggjast ut informasjon på fjellstyresida i «Aurlendingen.»

På fjellstyret si heimeside ligg det ein del informasjon om storviltjakta i Aurland statsallmenning. Der finn ein meir detaljerte opplysningar om tilhøve som gjeld hjortejakta og jaktområdet. M.a. vil ein finna Retningsliner for elg- og hjortejakta i Aurland statsallmenning, vedtekne av fjellstyret i sak 15/24.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 17/24, side 2.*

Det må bestemast kva fellingskvote ein skal tilby dette jaktfeltet. Forrige gong feltet vart utlyst vart det sett kvote på 8 fellingsløyve, og minst 50% kalv/ ungdyr i fellingane. Eg vil føreslå å gje 6 fellingsløyve på vaksne dyr + eventuell fri kvote på kalv. Det er enno ikkje kjent korleis kvoten vert fordelt på kjønn og alder i år. Når det gjeld lengda på leigeperioden for feltet som no vert utlyst, har me dei siste åra leigd jaktfelt 1 ut for to år om gongen, det har fungert greitt. Ein treng litt meir enn eit år på bli kjent i terrenget og dei som ikkje nyttar jaktretten opptek ikkje feltet så lenge.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret lyser ut jakta i jaktfelt 1 (nedre felt) i Nordheimsdalen for 2 år, 2024-25. Jaktfeltet vert utlyst med 6 fellingsløyve for vaksne dyr + event. fri kvote på kalv. Fordelinga vert avgjort av kommunen i juni. Jaktlag som søker må ha minimum 4 deltakarar for å verta med i trekninga.

Utlysinga vert gjort på fjellstyret si heimeside og på fjellstyresida i «Aurlendingen,» med søknadsfrist 30. april.

Fjellstyrekontoret, den 29/2-2024

Håkon Øydvin

Vedlegg: Leigeavtale om hjortejakt jaktfelt 1.

# Leigeavtale om hjortejakt.

mellom

**Aurland Fjellstyre 5745 Aurland som utleigar**

Og

?  
?  
?  
?

**som leigetakarar**

er det inngått avtale på leige av hjortejakt på fylgjande vilkår:

1. Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsallmenning, gnr. 57/2 i Nordheimsdalen, Aurland kommune. Jaktfelt 1 under høgdekurva som går på 600 m.o.h, frå 1. september til 31. oktober.
2. Leigeavtalen gjeld år 2024-25.

Utleigar kan oppheva avtalen dersom leigetakarane på ein vesentleg måte bryt vilkåra i avtalen eller i føresegner etter jaktlovgevinga. Leigetakarane er sjølve ansvarlege for at dei som skal jakta på området har betalt dei fastsette avgifter og elles fyller dei krav viltlovgevinga set.

Leigetakar pliktar å setja seg inn i lokale retningslinjer for Elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning.

3. Det vert gjeve ein kvote 6 vaksne dyr + eventuell fri kvote på kalv, kvart år i leigeperioden, fordelinga kjem an på tildelinga frå kommunen. For hjortejakta skal det betalast ei grunnavgift på kr. 2300.- for vaksne dyr.- Fellingsavgifter for vaksne dyr kjem i tillegg. Grunnavgifta for kalv er fjerna, så lenge kravet om bestandsreduksjon vert halda oppe. For felte dyr skal det betalast kr. 73.- pr. kilo med utgangspunkt i fylgjande gjennomsnittsvecter:

Vaksen bukk	75 kg.
Bukk 1,5 år	48 kg.
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	45 kg
Kalv	22 kg.

I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.

Grunnavgifta skal betalast innan 15. august etter påkrav. Dersom leiga ikkje vert betalt til rett tid, kan avtalen opphevast. Oversikt felte dyr skal sendast utleigar innan 5 dagar etter jaktslutt som grunnlag for sluttoppgjer.

Det er høve til å søkja på tilleggsdyr, men grunnavgifta må vera betalt før ein går ut på jakt.

4. Brot på viltlov, føresegner, lokale retningslinjer for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning og leigekontrakt under jakta, kan føra til at jaktretten etter denne avtalen vert trekt attende, sjå punkt 7 i lokale retningslinjer. Ved brot på ovannemde retningslinjer har jaktlaget ikkje rett på tilbakebetaling av grunnavgift.
5. Kopi av godkjent ettersøksavtale skal sendast utleigar før jakta tek til.
6. Melding om felte dyr skal snarast råd og seinast tre dagar etter felling gjevast til fylgjande for eventuell kontroll:

- Aurland Fjellstyre 57633566 / 99567650

E-post haakon.oydvin@fjellstyrene.no

Fellingstad skal avmerkast på kart som skal sendast utleigar etter jaktslutt.

Leigetakar er ansvarleg for at fellingsrapport og sett hjort skjema vert send utleigar seinast 5 dagar etter jaktslutt.

Alle jaktlaga i Nordheimsdalen skal registrera aktiviteten sin på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no) der skal ein og registrera kva ein ser og feller med slaktevevter.

Alle felte dyr skal takast prøve for CWD, både hjerne og lymfeprøve, utstyr for prøvetaking og rettleiing får de hjå valdansvarleg.

7. Denne avtalen vert oppretta i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Som utleigar

Som leigetakar

Aurland den. \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
for Aurland Fjellstyre

\_\_\_\_\_  
for jaktlaget